

Statsbudsjettet 2019 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram
for Bergkunst (BERG)

Rapportering 2019
Hordaland fylkeskommune

INNHALD

Lyssetjing av bergkunst på Vangdal, Kvam	ID 97522-2.....	2
Bergkunstapplikasjon Mostraumen, Modalen kommune	4
Halhjem, Vargavågen, Os kommune	ID 60557.....	5
Mostraumen, Modalen kommune	ID 91335	5
Varmeholo, Vinnes, Fusa kommune	ID 25867	6
Håhaugsteinen, Haugso, Ullensvang kommune	ID 101639-1.....	6
Oppsummering.....		8

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2019	Tilrettelegging og lyssetjing		400.000,-	330.000,-	70.000,-
Tilskotet vert søkt vidareført til 2020					

Prosjektet er starta opp og det er god utvikling. Følgande oppgåver er utført:

- Illustrasjonar til skilt er ferdigstilt. Skilttekst er i prosess.
- Ny trase for sti er avtorva og kontrollert i høve til eventuelle ikkje tidlegare kjende ristningar.
- Søknads om dispensasjon etter kulturminnelova er gjennomført og godkjent
- Bergkunsten er dekkta til under anleggsperioden.
- Driftsavtale for lyssetjing og tilrettelegging er ferdigstilt og signert av partane
- Skilt om anleggsarbeid er ferdigstilt og sett opp
- Kontrakt med firma for prosjektering, produksjon og montering er inngått.
- Oppmålingssynfaring for prosjektering er avtalt til 13. november.
- Arbeidsoppgåver og kostnadsfordeling er avklart mellom partane i prosjektet.
- Høve til plan- og bygningslova er avklart. Tiltaket fell inn under mellom anna § 20-4 og Hordaland fylkeskommune vil vera søkjar for tiltaket. Prosjektet vert omsøkt etter prosjektering.
- Naudsynte ressursar for gjennomføring av prosjektet er avklart og sikra.



Prosjektering av tiltaket vil gjennomførast vinteren 2019/20. Anleggsstart vil truleg vera april/mai, med sikte om opning av anlegget oktober 2020. Prosjektet vart noko forsinka grunna formelle avklaringar som måtte på plass mellom partane før ein ynskta gå inn i prosjekteringsfase. Det vart då ikkje mogleg å opna anlegget hausten 2019 slik det tidlegare var planlagt. Det er ynskje om opning av anlegget om hausten då dette er tida der det vil vera mest aktuelt å kunna planlegga ei større markering. Grunna kostnader i prosjektet er det dessutan ynskjeleg å gjennomføra anleggsperioden om våren/forsumaren, heller enn om vinteren. Då dette tyder at ein har god tid til prosjekteringsfasa har Hordaland fylkeskommunen nytta høvet til å sjå på prosjektet igjen og vurderer kor vidt det kan vera aktuelt med endringar. Det er no ynskje om å knyta ei audioformidling til prosjektet for å gjera publikumsopplevinga betre og rikare. Det vil truleg verte søkt tilleggsmidlar til prosjektet for denne komponenten. Vår vurdering er at dette vil vera eit veileigna tillegg til lysformidlinga og kanhende nå nye brukargrupper som ein ikkje så lett når med eit formidlingsskilt. Det vil òg vera eit steg i retning universell utforming.

INFORMASJON

Statens Vegvesen Turistvegavdelinga,
Hordaland fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen og
Kvam herad samarbeidar om ei
opprusting av tilrettelegginga av bergkunsten på Vangdal.

**Det vert utført anleggsarbeid på staden.
Tilrettelegginga er difor stengt og bergkunsten
er dekkta til.
Ny tilrettelegging vert opna hausten 2020.**

The Norwegian Public Roads Administration,
Hordaland County Council, The University Museum of
Bergen and Kvam Municipality are working to upgrade the
public access to the rock art at Vangdal.

**Construction work is carried out on site.
Access to the monument is closed and the rock art is
hidden from view. Access to the site will reopen autumn
2020.**



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



Kvam herad



Statens vegvesen



Prosjektet Vangdal har tatt mykje tid i 2019, og det er difor gjort lite framsteg med dei øvrige prosjekta. Dei fleste naudsynte avklaringar er no gjort, og ein vil ha gode moglegheiter til ferdigstilling av øvrige tildelte prosjektmidlar i 2020.

Kostnader:

Universitetsmuseet i Bergen har lyst ut arbeidet knytt til lyssetjing av sti, bergunst og rasteplass, og har inngått kontrakt med Kyndill. Kostnaden skal delast mellom Statens Vegvesen, Universitetsmuseet i Bergen og Hordaland fylkeskommune. Varene knytt til lyssetjing er mottatt av Kyndill og klare til montering på plassen. Grunna lang leveringstid på denne typen produkt vart det tidlegare i prosessen avgjort at sjølv om plattformen vart forsinka var det ikkje gunstig å utsetje anskaffinga av lysarmatur, m.m. Dette vart difor ein større kostnad no tidleg i gjennomføringsfasa, men det vil gjera arbeidet med montering av lys meir effektivt enn dersom ein skulle risikera å måtte utsetje anleggsperioden i påvente av leveranser av lysarmatur.

Mellombels rekneskap

Budsjett	HFK	UiB	SVV	BERG HFK	Kvam herad	Kostnad
<i>Lyssetjing av bergkunsten og lys til sti frå rasteplass til bergkunst</i>		100.000,-		330.000,-		430.000,-
<i>Ny rampe</i>						
<i>Elektrokostnad for trekking av straum ned langs stien til bergkunstlokaliteten 250-300 per meter + montering og kobling av pullerter med lys</i>						
<i>Opprusting av lys på rasteplass</i>			180.000,-			180.000,-
<i>Møbler, skilt, osv på rasteplass</i>						
<i>El-skap rasteplass</i>						
<i>Opprusting sti</i>						
<i>Adm HFK –konkurransetsetjing, kontraktsinngåing, samarbeid samferdsle/ eigeidom/ innkjøp, oppfølging, feltarbeid/overvaking, dispsøknad, rapportering –90t a 700</i>	14dg 52.500,-					63.000,- 103.250,-
<i>Møter, synfaring, reisetid</i>	50.750,-					
<i>Reise (2 pers dagssynfaring a 1750 x 5)</i>						
SUM	103.250,-	100.000,-	180.000,-	330.000,-		713.250,-

Timebruk nytta av Universitetsmuseet i Bergen, Statens Vegvesen, Kvam herad og grunneigar er ikkje rekna med i denne oversikta. Kostnader reise for Hordaland fylkeskommune er heller ikkje summert opp til oversikta.

Tilskotsmidla frå Hordaland fylkeskommune skal primært nyttast til plattform. Hordaland fylkeskommune har inngått kontrakt med Stangeland Glassfiberprodukter AS om prosjektering, produksjon og montering av plattform. Det er gjennomført fyrste befarig med totalleverandør, men fakturering av dette arbeidet vil ikkje skje før i 2020.

Bergkunstapplikasjon Mostraumen, Modalen kommune

All bakgrunnsinformasjon og 3D-framstilling av lokaliteten med synleggjering av ristningane er på plass i appen. Imidlertid slit ein med å få funksjonen for utvida røynd (AR) til å fungere godt nok. Problemet er å få illustrasjonen av figurane til å passe med ristningane i berget, både når det gjeld størrelse og plassering. Dette har tatt mykje tid med mange testrundar i felt. Foto nedanfor frå tre av testane i januar, juli og september illustrerer kva ein prøver å få til før ein kan lansere appen i App-store, og montere opp infoskiltet på lokaliteten med markør for igangsetjing av AR-funksjonen.



BERG	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2018	Skilt, skjøtsel	61.200,-	26.000,-	0,-	26.000,-
2019				0,-	26.000,-
Prosjektet er påbegynt med dialog med kommune og grunneigar. Tilskotet vert søkt vidareført til 2020.					

Lokaliteten ligg i eit turområde kommunen ynskjer betre tilrettelegging av. Skiltinga vil inngå som del av denne tilrettelegginga. På grunn av ulike problemstillingar knytt til allmenn ferdsle opp imot grunneigar sine interesser, kjem vi ikkje vidare før desse er avklart mellom kommunen og grunneigar.

BERG	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2018	Skilt	59.150,-	34.000,-	0,-	34.000,-
2019				0,-	34.000,-
Prosjektet er påbegynt, skilt ferdig utarbeida. Tilskotet vert søkt vidareført til 2020.					

Tilrettelegginga med skilt er knytt til 3D/AR formidling av helleristningslokaliteten, der markør for initiering av applikasjonen blir del av skiltet. AR-funksjonen er forhåpentlegvis i siste testfase, og oppsetting av skiltet inngår i lanseringa av formidlinga av lokaliteten. Innhaldet i på skiltet er klart, men ein ventar med trykking til evt. justeringar av markør og rettleiing for bruk er på plass.

Helleristningane ved Mostraumen

BÅTFIGURANE
Dei figurane som er mest tydeleg viser at bålane er framstilt med bua kjølring, spitta stannar og vertikale linjefigurar med mønster. Desse vertikale linjene blir kalla innrensingsmarkeringar. Det er fleire teoriar om kva dette er. Nokon meiner dei viser mammut og bær, medan ein annan teori er at dei er merovli å vise på arta på båten. Denne type båtar var i bruk på dette stadiet, som er omtrent på det siste 500 år mellom bronsealder og byrjinga av vår tidsrekening. Denne teorien er hovudsak basert på dei spissa stannane på slike båtar som finst på stannane til dei ulike inngangspassasjerane ved figurane nedanfor. Denne båten er funne i Danmark, og datert til mellom 400-500 f.Kr. Dei andre figurane under illustrerer ristingsmønstre som består av vertikale og horisontale linjer. I dei hundre åra som er gått sidan har det vore ei rekke tilfelle der slike stannar er funne.



EIN HEILIG STAD
Oppdattninga av staden som heiligtidfull eller heilag kan ha bakgrunn i sosiale hendingar, eller at nokon har fått guddommelig eller åndelig narvare. Tenkjer ein seg at helleristningane vitar om slike narvar, så er helleristningane ein vertikal forsegling i seg for å sikre andre bergkunstutvaldte stader med berøringar av dei fysiske omgjevnadane til å vere i omfatte berøring, med hærmarer over og vernet under. Desse om er for seg i ein ideell tid i oppdattning av ei verda var det til berøring med, med slike verda over og under ein eigen, kan slike landskapsformer ha symbolisert denne vertikale oppdattninga.

Folk kan derfor ha opplevd at slike stader var gode kontaktpunkt for kommunikasjon mellom dei ulike nivåa. Knytt til Båtane handlar på ein kulturstad som dette, kan ein ha opplevd berøringa som er gjennomtenkt berøring. Dei merovli som stanger mellom ein, berøring berøring og sjøla i einlegg-kunne bringe gjenom og samhandling med gudar og knytt lands verda.

Sjå på båtfigurane finn ein også som eit generelt symbol for kommunikasjon mellom ulike verda, framsett som merovli på å transportere sjøla eller andre ved hørselge markør. I eit ved dattar er det eit knytt oppdattning av båten som faktisk dei dode i eit ved bortfor.



TIDLEGARE NATURTILHØVE
Bildet overfor er ein 3D-modellering (3D helleristnings-appen som illustrerer korleis handvirket samspilling har vore då figurane (2D-bild markering) blei hogge inn i berget. Sammen med digitale illustreringar av figurane, gir illustrasjonen til for oss endringar i samspilling gjennom historia ein pekkering på kor gamle helleristningane kan vere. Den blåste figurane i figurane er 5 m over dagens havnivå. Det betyr at ikring 7000 f.Kr. ville berget ved kappet ha stått over dei nedre delane av helleristningane. I eit utgangspunkt i eit berøring til seg under figurane, gir dette ei eldre tolkning av lokaliteten er i nokre århundre seinare.

DIGIRISS Helleristnings-app
Digital formidling av helleristningane.
Testversjon mellombeta berøring utvikla for iPhone og iPad



Rock art
Traveling by sea along the coast, the steep cliffs at Mostraumen could have been a landmark, guiding the way through the narrow passage that leads further along the waterway to Modalen, and up to the mountains. Significant topographical features such as this may have made an impression on people who have been in the area at different times. The existence of rock carvings at the foot of this cliff indicates that people have perceived it as a significant place. A place where some people could have felt presence and the possibility of meeting with otherworldly entities and powers.

Carved on the vertical rock surface, some seven rock art images can be discerned as depicting boats with curved keel lines and spilt stems. The row of parallel lines that extend upwards from the keel, are usually interpreted as illustrations of the boat's crew - crew lines - or representing the boat's ribs. These carvings are dated to the first part of early Iron Age, approximately to a period when the sea level was just below the margin a couple of hundred years BC.

BERG	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2018	Skilt	63.550,-	34.000,-	0,-	34.000,-
2019				0,-	34.000,-

Prosjektet er påbegynt med synfaring, skjøtsel og dialog med kommunen og lokalt historielag. Tilskotet vert søkt vidareført til 2020.

Arbeidet er i gang med synfaring, kombinert med skjøtsel på lokaliteten. Vi er også i dialog med kommunen og det lokale historielaget som er involvert i kulturstien som lokaliteten er ein del av. Illustrasjon til skiltet er under utarbeiding.

Tilstanden på lokaliteten er god, og det er lite oppskot av tre eller annan vegetasjon kring sjølve steinen. Då lokaliteten ligg på ein stad med storslått utsyn er det likevel avgjerande å verna om denne utsikta, og dette gjer det naudsynt med vegetasjonsskjøtsel noko lenger frå steinen.

Fleire store grantre vaks i skråninga nedanfor Håhaugsteinen. Desse trea sto enkeltvis, men var no høge og omfangsrike nok til at dei hadde negativ innverknad på utsikta frå staden.



Foto: HFK

I januar 2019 vart det gjennomført skjøtsel på staden med føremål å fjerna dei større trea som truga utsikten frå staden. Arbeidet vart utført av Hordaland fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen, Statens Naturoppsyn og grunneigar i samarbeid.

Statens Naturoppsyn vart bedt om å bistå i prosjektet for å sikra at felling av dei største trea vart gjort på ein trygg måte. Hogstavfall vart samla i avstand frå lokaliteten og brent av grunneigar i ettertid. Grunneigar deltok aktivt i arbeidet og stilte med traktor og vinsj for å sikra at tømmer vart samla og fjerna.

I 2020 er det mål om å ferdigstille opprustinga av dette prosjektet med ny informasjonstavle, betre parkeringsmoglegheiter og merking/skilting frå hovudveg.



Foto: HFK



Foto: HFK
Grunneigar og Trond Lødøen ved Universitetsmuseet i Bergen ryddar skog.



Utsikt frå Håhaugsteinen før og etter skjøtsel. Foto: HFK

Oppsummering

BERG	Prosjekt	ID	Tilskot	Utbetalt 2019	Rest	Søknad om videreføring av midlar til 2020	Merknad
2018	Halhjem	60557	26.000,-	0,-	26.000,-	JA	
2018	Mostraumen	91322	34.000,-	0,-	34.000,-	JA	Prosjektet er starta opp
2018	Vangdal	97522	26.000,-	0,-	26.000,-	JA	Prosjektet er slått saman med søknad om midlar 2019.
2018	Varmeholo	25867	34.000,-	0,-	26.000,-	JA	
2019	Vangdal	97522-2	400.000,-	330.000,-	70.000,-	JA	Prosjektet er starta opp
SUM utbetalt 2019:				330.000,-			